

LÅT O' LINK

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 3

Desember 2000

Årgang 10



Innhold

Leiarbrev ved jolebel	2
Vinnarstev	3
Alt før Norge?	3
Informasjon frå	
Vestre Slidre F.M.D.L.	4
Kommunesentrum (stev)	5
Litt info frå Vårflaumen	5
Primstav 2000/2001	5
Tilskot til museums-bygget	6
Frå Etnedal spel og dansarlag	6
Frå Øystre Slidre	
Spel og dansarlag:	6
Ettertanke (stev)	7
Ny sekretær i	
Valdres Folkemusikklag	7
Stev om norsk frukt	8
Stev om landet vårt	8



Leiarbrev ved jolebel

Så er Valdres Folkemusikklag arbeidsgjevar att. På styremøtet vårt 13. desember tilsette me Solveig Hårdnes i ei 40% folkemusikkstilling, med Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko som dei fremste arbeidsoppgåvene. Litt sekretærarbeid for laget håpar me også det blir tid til, i alle fall er dei 10 000 ”leiar-kronene” tenkt å tilfalle den tilsette.

Grunnlaget for at stillinga vart oppretta no, ligg i vedtaket på siste årsmøte om at styret skulle arbeide for å opprette ei lønna stilling knytt til Jørn Hilme-stemnet. Når det så viste seg at det samstundes vart behov for ein ny medhjelpar på Strunkeveko, valde me å sjå desse stillingane i samanheng.

Sjølv om me ikkje har fått positivt svar på festivalstøttesøknaden enno, tok me sats og lyste ut ei 40% stilling i slutten av november. Fire godt kvalifiserte søkerar fekk me, men berre ein kunne få stillinga – og me fann altså Solveig best kvalifisert. Me ser alle fram til å samarbeide med henne, og ynskjer henne lykke til i stillinga.

Om det no blir ein lønna person å velte ein del av arbeidsfeltet vårt over på, betyr ikkje det at det er slutt på alt frivillig arbeid. Men det kan bety at det blir litt mindre slitsamt å ta på seg verv. Dessutan vil stillinga vera viktig som ei kvalitetssikring av alt me driv med. Me vil dessutan kunne framstå noko meir profesjonelt og sikre betre kontinuitet. Likevel, for ikkje å skremme Solveig for mykje, det er her snakk om ei lita stilling og me må vite å prioritere arbeidsoppgåvene. Mykje vil framleis falle på ihuga folkemusikkeldsjeler, og dei er det heldigvis mange av.

Så over til noko anna. Sjølv ein lang haust har gått fort – i alle fall verkar det slik i ettertid. Vinteren - når (viss) han kjem - blir då tilsvarande kort og skulle gå enno raskare. Får me tid til all aktiviteten me har lagt opp til då, tru? Det er nemleg mykje som

skjer i Valdres – og elles – for den som er glad i å danse og høyre folkemusikk. Nokon vil kanskje meine i meste laget, og ein kan i blant lure på om me er i ferd med å arrangere oss i hel? Og det er jo ikkje berre me som arrangerer heller, så er ein ikkje for snever i smaken kan det bli fåe kveldar heime i godstolen.

Ein del kollisjonar blir det innimellom også, med sviktande besøk for både partar som resultat. No trur eg ikkje det berre er kollisjonen som er skuld i det. Folk er på mange måtar metta, og prioritær kanskje familie og ein roleg heimekveld – av og til i alle fall.

Vel, slik talar ein tilårskommen leiar seier du no? Greitt nok, men når ein ikkje lenger maktar å få med seg alt (dvs. berre litt), er det muligens fleire som kjenner seg att? La oss i alle fall prøve å samordne aktiviteten vår slik at me får berre eitt høgdepunkt å sjå fram til kvar gong. Men det har me visst prata om i alle år....

Men då håpar eg det blir ei god jol på dykk alle, med i alle fall ein skikkeleg bygdafest. Viss ikkje blir det visst ei mulegheit i Øystre Slidre til nytt år!

Nils

**Vinnarstev
frå stevtevlinga
2000**

Kirsten Inga
Kamrud, Ulnes
1. premie



Alt før Norge?

Han Håkon Magnus har flött isamen
me' n Mette Marit, ja takk o amen.
Ei ugift mor o tå vanleg blod,
men lell so æ ho visst like go ?

Dæ kunna vere ei stasprinsesse,
tå ekta blod o mæ fin adresse.
Kem kunne veta ko ho har gjort,
ho kunna take ein rask abort

Nei, gje me heldan ei modig jente,
mæ bein i nasa o kjaftamente.
Mø veit ho æ tå dæ rette slag,
um ho bli dronning ein vakker dag!


Informasjon frå Vestre Slidre F.M.D.L.

ÅRSMØTE 26.JANUAR

Det vert årsmøte på Røn Skule fredag den 26.januar klokka 19.00. Etter årsmøtet vert det hyggeleg samvær og dans på gamleskulen med kaffe og kringle attåt.

FØLKEPØBB PÅ FOSHEIM SKYSSTASJON 2. FEBRUAR

Alle er velkomne til sosialt og uhøgtideleg samvær på Fosheim skysstasjon fredag 2.februar frå kl.20 og utover. Allsidige kulturinnslag.



IRLANDTUR !

I samarbeid med sanggruppa ”Åv o Té” og Vestre Slidre Sanglag planlegg laget vårt tur til Irland til sumaren. Turen går med fly frå Gardermoen til Shannon på vestkysten av Irland. Derifrå dreg vi om lag 10 mil nordover til Galwaydistriktet. Vi reiser laurdag 21.juli og kjem att laurdag 28.juli.

Samstundes med at vi er i Galway foregår ” Galway Art Festival ” - ein allsidig kulturfestival med eit rikhaldig program, der ikkje minst folkemusikken gjer seg sterkt gjeldande. Elles har distriket ein sterk og levande folkemusikktradisjon som det ikkje trengst nokon festival for å oppleva ! Dei som vert med på turen vert innkvarterte med Bed & Breakfast på ulike stader i byen Galway. Det er knytta kontakter med folkemusikkmiljøet der borte, med tanke på at vi skal få presentere vår eigen folkemusikk og –dans, men korleis dette vil skje er ikkje heilt avklara enno. Det vil truleg bli nokon fellesopplegg og framsyningar, men også moglegheiter for aktivitetar og utflikter etter eigne interesser.

Kommunesentrum (stev)

Berthe, Aurdal

1.premie

De æ fortærans når vi ska kjøre,
te Bagn frå Hedal'n på all slags føre,
o reise omvendt går itte an,
for då er meter'n blitt dobbelt lang.

Litt info frå Vårflaumen

Det blir **6. dagsfest** i år som alle andre år på grengehustet i Lo.
Festen tek til kl. 19.00 og det blir dans til Engebret Ringen, Geir Harald Fodnes og andre spelemenn i laget. Festen kostar 70 kroner for vaksne og 40 kroner for born. Mat, kake og drikke fås kjøpt.
Alle velkomne.

Laurdag 10. februar arrangerar Vårflaumen fest på gren dahuset i Skrautvål. Konsert før dansen med utøvarar frå Vårflaumen sin sterke stall. Det blir dans til Øystein Nicolaysen, Åge Sogn og Helge Hysjulien. Springarlæte i pauza.

Sjå annonse i avisa Valdres på nyåret for meir info om klokkeslett/ pris m.m.

-Underhaldning ve'n Ole B.-

Nesten alle velkomne
Helsing Ole

Primstav 2000/2001

- | | |
|--------------|--|
| 5. dagsfest | på Etnedal samfunnshus |
| 6. dagsfest | i år som alle andre år på grendhustet i Lo |
| 31. desember | Nyttårsfest på Herangtunet |
| 26. januar | Årsmøte Vestre Slidre FMDL |
| 2. februar | Folkepøbb på Fosheim Skysstasjon |
| 10. februar | Fest på grendhustet i Skrautvål |
| 23 mars | Lokalkappleik i Vang |

Tilskot til museums-bygget

Som du kunne sjå i Valdres 15. desember, har Valdres Folkemusikkklag gitt 150.000 kroner til nybygget på museet. Dette vart vedteke på siste årsmøte, og onsdag den 13. desember var tida inne til den formelle overrekkinga på museet.

Frå Etnedal spel og dansarlag

Jula:

5.dagsfest på samfunnshuset. Helge Hysjulien spelar til dans.

Våren 2001:

Det vert ein kveld med internasjonal folkedans m.m. utpå vårparten. Dato er ikkje bestemt.

Frå Øystre Slidre Spel og dansarlag:

Jula:

-**Nyårsfest**, Herangtunet kl. 19.00. Påmelding til tlf: 90 72 26 90 / 95
04 50 71

Våren 2001:

KURS

- Hallingkurs** Midtre Hegge 9-12 år
Instruktør: Solveig Hårdnes, start måndag 15.januar kl. 17.30 - 19.00
Påmelding ved frammøte
- Hallingkurs** Rogne skule 10 - 15 år
Instruktør: Bjørn Strand, start torsdag 18.januar kl. 19.00 - 20.30
Påmelding ved frammøte
- Ola Dilt, Ola Dalt, songkurs** Herangtunet for foreldre og barn
Instruktør: Marit Mattisgard, start måndag 15. januar kl. 18.00 - 19.00
Påmelding til tlf: 613 40 477
- Hardingfelekurs** for vaksne på Herangtunet
Instruktør: Magne Olav Selland, start torsdag 18.januar kl. 19.00 - 21.00
Påmelding til tlf: 613 42 415

Andre aktivitetar:

Danseøvingar, fredagsdansar og folkemusikkpøbbar er ikkje planlagde enno.



Ny sekretær i Valdres Folkemusikklag

Som Nils skriv i brevet sitt, er Solveig Hårdnes tilsett som sekretær i VFL. Ho skal fyrst og fremst ta seg av Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko. Men det er også mange andre ting som krev oppfylgjing i laget. Me kjenner henne som ei svært aktiv og ikkje minst sterk jente. Ho har teke tunge tak før i folkemusikk-samanheng. Så dette skulle vera eit bra valg.

Me ynskjer Solveig lukke til i jobben!



Foto: www.strunkeveko.com

Solevig i intenst driv.

Ettertanke (stev)

Berthe, Aurdal

3. premie

E står so akkurat midt i livet,
o tenkje på slikt e sku' ha skrive,
um alt e ha so gjer livet gøtt,
men de' æ ikkje enkelt å sjå de' støtt.



B

Stev om norsk frukt

Av Torodd Lybeck, Fagernes
2. premie

Nei, norske eplo æ inga vare
hjå Kiwi, Mega ell' Euro-Spare.
Men gå te Asiamat, du kar,
det æ den einaste her, som har.



Stev om landet vårt

Eldor Bråthen, Hedalen
2. premie

Vi blir så rike vi nå om dagen,
så åffer spara? si'n Carl I' Hagen.
-Det som på millioner år er skapt,
bør vi få brukt opp - litt heller kjapt.

-Og ein gong kanskje - blir tida moden
te la ein flykning ein stann på kloden
få nådig løyve te kåmmå hit,
men han bør helst vara blond og kvit!

Godt
nytt
år!



Dette nummeret av Låt o'Link er gitt ut av styret i VFL